

Innføring av Kvardagsrehabilitering i Ålesund kommune

Kva er kvardagsrehabilitering?

Bakgrunn for prosjektet

Framskrivningar utarbeida av Statistisk Sentralbyrå viser (som på landsbasis) at talet på eldre over 67 år med behov for institusjons- og heimeteneste i Ålesund kommune vert dobla fram til 2040 (frå 1214 personar i år 2011 til 2551 personar i år 2040). Med ei vidareføring av dagens tenestar medfører dette ein tilsvarande dobling i talet på årsverk. Dette vil ikkje vere bærekraftig og kommunen er avhengig av å finne alternative metodar for å utnytte dei ressursane ein har til rådighet for tenesta.

Fleire kommunar har vist at effekten av kvardagsrehabilitering er tredelt:

- Brukarane: klarer å utføre aktivitetar som er viktige for dei sjølv, i staden for å være passive hjelpemottakarar
- Kommunaløkonomisk: Auka mestringsevne vil innebere at kommunen får redusert ressursbruk ved ein reduksjon i behovet for heimetenester og ei utsetting av tidspunktet for heildøgns pleie og omsorg (f.eks. utsatt sjukeheimsinnlegging).
- Medarbeidarane i dei kommunale helse- og omsorgs tenestane opplever det som tilfredsstillande og motiverande at deira innsats fører til at brukarane mestrar aktivitetar i kvardagslivet.

Kva er kvardagsrehabilitering?

Kvardagsrehabilitering inneber

- at ein startar med spørsmålet: «kva er viktige aktivitetar i livet ditt no?»
- målretta og intensivt fokus på kvardagsaktivitetar som personen sjølv tillegg mening.
- tidleg, tidsavgrensa innsats i personen sin eigen heim eller nærmiljø
- styrka involvering og samhandling mellom erg- og fysioterapeutar og personell i heimetenestane
- meir sjølvhjelp i daglege gjeremål, slik at personen fortsatt kan bu heime, vere aktiv i eige liv og delta sosialt og i samfunnet
- eit tenkesett om at personen sjølv styrer deltaking og kvardagsmestring
- sjanse til inkludering av aktuelle nærpersionar, pårørande og frivillige
(Definisjon henta frå Ness og Tuntland, 2014)

Fra: Hva er problemet du trenger hjelp til?

Til: Hva er viktige aktiviteter i ditt liv som du ønsker å mestre?

Hensikt og mål for prosjektet:

Langsiktig:

- Kvardagsrehabilitering skal vere ein integrert del av heimetenesta i heile Ålesund kommune.
- Kvardagsmestring som tankesett skal gjennomsyre kommunen som heilheit.

Kortsiktig:

- Planlegge og gjennomføre utprøving av kvardagsrehabilitering i ei sone i heimetenesta.
- Plan for organisering av kvardagsrehabilitering som ordinær teneste.
- Gradvis utvide til å dekke heile kommunen.
- Drive aktivt informasjonsarbeid ut mot innbyggerane, tilsette i kommunen og andre samarbeidspartnarar.

Gjennomføring/tiltak

Prosjektet vart starta opp 01.10.13 med midlar frå Helsedirektoratet.

Etter ei planleggingsfase satte vi i februar 2014 i gang ein pilot med utprøving av valt modell i ei sone i heimetenesta. Piloten har gitt gode resultat og frå september -14 vil prosjektet verte utvida til å dekke to soner.

Prosjektet er ein del av eit nasjonalt forskingsprosjekt på kvardagsrehabilitering i regi av Senter for omsorgsforskning Vest.

Kontaktperson

[Solveig Kiperberg Viddal](#) - prosjektleiar